Grotli Hytteforening
Ved kontaktperson Martin Klokk

NVE
Postboks 5091, Majorstua
O301 Oslo

Grotli, 29. januar 2020

Måråe Kraftverk – sak NVE 2009022146-25 Planendringsforslag

Merknader til Planendringsforslag for Måråe Kraftverk frå Skjåk Energi AS og Are Bergheim.

NVE har 16.12.2019 sendt forslaget på høyring til m.a. Skjåk Hytteservice ved Tor Bruland. Bruland var tidlegare styreleiar i Grotli Hytteforening (GH), som var høyringsinstans i konsesjonsprosessen for å ivareta GH sine interesser. Dette gjeld i første rekke 7-8 hytter som har ein avstand på ca 70-130 m til kraftstasjonen.

I tråd med endringar i styret for GH ber vi om at kontaktperson for GH vert endra til Martin Klokk, som er styremedlem i GH. Adresse, mail etc framgår i slutten av brevet.

Bakgrunn for planendringa er søknad om auka slukeevne frå 3 til 4 m3/s for å få betre økonomi i prosjektet. Minstevassføringa vert ikkje endra.

I tidlegare brev frå GH er det lagt stor vekt på støydemping frå kraftstasjonen. Gjennom tidlegare positiv dialog både med NVE, planleggar og eigar vurderer vi at planlagde tiltak som ny kraftstasjon, isolasjon, demping avløp etc. vil gi akseptabelt støynivå. Vår vurdering er at auka slukeevne ikkje har vesentleg betydning for støy frå kraftverket. Denne vurderinga var m.a. gjort på bakgrunn av installasjon av Kaplan aggregat. I planeendringa er dette no angitt slik:

> *Det blir mest sannsynlig en kaplan turbin med slukeevne ca 4,0 m3/s og asynkrongenerator på maks 680 kW. Eventuelt blir det to aggregat (Kaplan/Francis) der det ene er dimensjonert for vintervassføringen. Slukeevnen totalt vil uansett holdes på 4,0 m3/s.*

Det er tidlegare vurdert at det er vinterkøyring av stasjonen som gir mest støy med redusert støydemping frå vegetasjon med kratt og bjørkeskog. Det er derfor muleg at auka vinterkøyring kan påverke støy frå kraftstasjonen. Både Kaplan og Franscis er imidlertid aggregat med lukka avløpssystem som er positivt med omsyn til støy. Ettersom Pelton aggregat med ope avløpssystem ikkje er omtalt anser vi dette som uaktuelt.

Det framgår vidare av søknaden at det er planlagt ein snuplass/parkering ved kraftstasjonen på ca 100 m2. Dette saman med bygging av ny kraftstasjon samt behov for fyllmasse for tildekking av rørgata, vil medføre at ekstra kostnaden med å bygge ein jordvoll blir liten. Jordvollen bidrar til ytterlegare støydemping og vil hindre fri sikt frå hyttene til kraftstasjonen. Vi ber derfor om at det vert stilt krav til ein jordvoll i konsesjonen.

GH har ikkje merknader til at slukeevna blir auka frå 3 til 4 m3/s, men ber om at det ved eventuell utbygging blir teke omsyn til våre merknader/krav. Vi ønskjer fortsatt å vere høyringsinstans for Måråe Kraftverk i denne prosessen.

Med helsing
for Grotli Hytteforening
Martin Klokk
Sign.

Adresse Haugeveien 118
6133 Lauvstad

Tlf. 97117463
Mail: martinklokk@gmail.com